

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystemet i kontrollrom på Tjeldbergodden - Aktivitet 001000266 - Tilsynsrapport	Aktivitetsnummer 001000266
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Equinor MMP OPL si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på landanlegget Tjeldbergodden i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

4 Resultat

4.1 Generelt

Equinor Tjeldbergodden har regelmessig oppfølging av måltala for alarmsystemet. Veketala for alarmrate ved normal drift er for det meste innanfor kravet i styrande dokumentasjon og ein del veker også på målsetjinga på 2 alarmer pr. 10 minutt. Omfanget av ståande alarmer har historisk vore ein del høgare enn krava. Systematisk bruk av alarmskjuling gjer at dei nå har nokolunde kontroll på ståande alarmer. Vi har mottatt vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensingar.

5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

Det er ikkje observasjonar som er karakterisert som avvik.

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Mangelfull oppfølging av alarmsystem

Forbetringspunkt

Omfanget av ståande alarmer og alarmer som blir skjult manuelt, blir ikkje følgt opp systematisk.

Grunngjeving

Dokumentet *Hvordan ivaretar Tjeldbergodden alarmhåndteringssystemene* viser at omfanget av ståande alarmer er i nærleiken av kravet i styrande dokument, men det inneheld ikkje noko oppdeling i prioritet. Dette kan tyde på at oppfølginga av alarmsystemet er mangelfull.

Krav

Teknisk og operasjonell forskrift § 21 om menneske-maskin-grensesnitt og informasjonspresentasjon

Teknisk og operasjonell forskrift § 33a om kontroll- og overvåkningssystemer

6 Deltakere frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet.

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- GL1494 Alarm system guideline ver 1.01.pdf
- Hvordan ivaretar Tjeldbergodden alarmhåndteringssystemene i.pdf
- OM201.08.06 - Analyse av alarmer i sentralt kontrollrom.pdf
- Sjekkliste grunnopplæring ASU.pdf
- Sjekkliste grunnopplæring Metanol.pdf
- Sjekkliste VK ASU.pdf
- Sjekkliste VK Metanol.pdf
- Svar på oppfølgingsspørsmål TBO 081021.docx
- TR1494 Alarm system.pdf
- WEHRA 2012 TBO.pdf
- WEHRA 2019 TBO.xlsx